



**Tokke kommune  
Kommunedirektør**

VEST-TELEMARKRÅDET  
Kviteseidgata 18  
3850 KVITSEID

Att.Johannes Rindal

Dykkar ref:

Vår ref  
2022/1565-6

Saksbeh:  
Finn Arne  
Askje,35075201

Arkivkode:  
C01

Dato:  
10.07.2022

## Høyrings svar - nullvisjon

Kommunestyret handsama høyrings svar til «Nullvisjon» i sak 53/22.  
Kommunedirektørens framlegg blei samrøystes vedteke.

*«Tokke kommune står fellestiltaka 1 og 2 slik dei ligg føre i utkast til plan.  
Ansvaret for fellestiltak nr 3 må innarbeidast i allereie eksisterande nettverk for  
SLT kontaktane i kommunane. Det blir ikkje oppretta regional stilling. Tokke  
kommune tilrår framlegg til ytterlegare tiltak, sjå tiltak 4 og 5 i saksutgreiinga.*

*Grunngjeving for kommunedirektørens tilråding ligg i saksutgreiinga over.»*

Med helsing

Finn Arne Askje  
kommunedirektør

Vedlegg

1 Særutskrift - Nullvisjon - høyrings svar

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/1565-4

Sakshandsamar: Finn Arne Askje

### Saksgang

| Utval                             | Møtedato   | Saksnummer |
|-----------------------------------|------------|------------|
| Helse og sosialutval              | 23.05.2022 | 12/22      |
| Ungdomsrådet                      | 30.05.2022 | 5/22       |
| Oppvekst, kultur og idretts utval | 31.05.2022 | 16/22      |
| Kommunestyre                      | 16.06.2022 | 53/22      |

### Nullvisjon - høyrings svar

Saksframlegg godkjent av ,

### Vedlegg

- 1 HØYRINGSBREV.pdf
- 2 NULLVISJONSPLAN HØYRING.pdf

### Bakgrunn for saka:

I februar 2021 vedtok Vest-Telemarkrådet at ein «startar opp arbeidet med å lage ein plan med visjonen "Null skadde og drepne ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark»

Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Vest-Telemarkrådet, kommunane og politiet har arbeidd fram nullvisjonsplanen.

Frå Tokke er det prosjektleiar Erlend Nesland som har delteke i arbeidsgruppa.

Planen er som er utarbeida på Vest-Telemark nivå er eit supplement til arbeidet ein gjer i prosjektet «frå haldning til handling».

Planen har framlegg til tre tiltak:

**FELLESTILTAK 1: BRUKE OG UTVIKLE HALDNINGSKAMPANJAR RETTA MOT UNGDOM OG UNGE VAKSNE**

**FELLESTILTAK 2: REGIONAL SKYSSORDNING PÅ KVELD OG HELG - "TRYGT HEIM"**

**FELLESTILTAK 3: INNFØRE ORDNINGA "NULLVISJON VEST-TELEMARK", ETTER MODELL FRÅ AGDER**

Planen er no lagt ut til høyring, med høyringsfrist 31.08.22.

## Vurdering

### *Fellestiltak nr. 1:*

Samarbeid mellom SLT-koordinatorane i fylket for å vurdere kampanjar som finst og bidra til å utvikle nye målretta kampanjar mot unge i fylket.

Tiltaket er bra og at det gjerast i samarbeid med ei lokale SLT-kontaktane, gjer at ein får lokal forankring og gjennomføringa i kommunane blir lettare. Ikkje minst blir kampanjane målretta mot der ein kjenner «skoen trykker» i kommunane.

### *Fellestiltak nr. 2:*

Tokke har ordninga «heim for ein 50-lapp», det gjeld berre transport innan eigen kommune. På same måte fungerer ordninga i Fyresdal og Vinje.

Nullvisjonsplanen i Vest-Telemark legg opp til ei ordning frå «trygt heim» på tvers av kommunane i regionen. Her kan ein tenkje ein kombinasjon av transport over kommunegrensar og kommunevise ordningar («trygt heim for ein 50-lapp»). Ein ser føre seg eit samarbeid med Fylkeskommunen og mogeleg flexiruter.

Ungdom har relasjonar og kontaktar på tvers av kommunegrensar og effekten av tiltak for transport innan eigen kommune er ikkje eit fullgodt tilbod

### *Fellestiltak nr. 3:*

Opprette ei regional stilling som skal arbeide i prosjektet «nullvisjon i Vest-Telemark». Det blir samanlikna med Agder som har slike stillingar

Tiltaket er svært positivt, likevel må ein stille seg spørsmålet:

Om hovudfokuset skal vere endring av haldningane med mål om å nå målsetjinga «null drepne og skadde ved bruk av motoriserte køyretøy i Vest-Telemark», må nok mykje av arbeidet skje lokalt i kommunen. Det vil då vere spørsmål om den interkommunale stillinga i stor grad blir nytta som ei rettleiingsstilling og ikkje direkte ut mot målgruppa.

Kommunedirektøren meiner ressursane skal nyttast lokalt i kommunen og ressurspersonane i regionen bør danne nettverket for samarbeid, saman med andre aktørar. Ein kan tenke seg at ansvaret blir lagt saman med rolla som SLT ansvarlege i kommunane som allereie har eit tett samarbeid.

### *Kommunedirektørens framlegg til nye tiltak:*

#### *Framlegg til tiltak nr. 4:*

Tokke arrangerar eit større rusfritt arrangement i året, samstundes opnar ein for ungdom frå nabokommunane. Om alle kommunane hadde teke ansvar for å arrangere eit slikt arrangement i året, ville ungdommen i regionen fått 6 rusfrie arrangement. Kommunane må då ha ansvar for transport til og frå desse arrangementa.

Kommunedirektøren er kjent med at eit slikt tiltak samsvarar med det som er drøfta i Ungdomsrådet.

#### *Framlegg til tiltak 5:*

Tokke kommune har hjulpet russen med arrangement som ligg innanfor lovas krav. Tokke kommune dekkjer kostnadane til vakselskap og hjelper til i arbeidet med søknad om

skjenkeløyve. Om fleire av Vest-Telemark kommunane hadde samarbeidd med lag eller organisasjonar, ville det blitt fleire arrangement i regionane for dei over 18 år.

*Anna:*

Tokke kommune vil vurdere å ha ein trafikksikrings-koordinator. Om ein legg denne funksjonen saman med SLT, vil det kunne lette samarbeidet i regionen, dessutan heng det saman med prosjektet *«Null skadde og drepne ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark»*. Kommunedirektøren meiner det vil gje eit meir heilskapleg arbeid i kommunane og regionen, om ein tildelar dette ansvarsområdet til SLT kontaktane.

Kommunedirektøren meiner dei regionale tiltaka må ha ei forankring på kommunenivå og dermed er lokale nettverk med SLT-kontaktar frå kommunane betre enn å ha tilsette på regionsnivå. Kommunane må sjølv med regionale ressurspersonar utføre arbeidet lokalt. Alternativt ville det vore betre å «spleise» på ein av dei lokale SLT-koordinatorane som får delar av stillinga til ei koordinatorrolla i arbeidet på regionnivå.

## **Kommunestyre si handsaming av sak 53/2022 i møtet den 16.06.2022**

### **Røysting**

OKI sitt vedtak var samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Tokke kommune stør fellestiltaka 1 og 2 slik dei ligg føre i utkast til plan.

Ansvaret for fellestiltak nr 3 må innarbeidast i allereie eksisterande nettverk for SLT kontaktane i kommunane. Det blir ikkje oppretta regional stilling.

Tokke kommune tilrår framlegg til ytterlegare tiltak, sjå tiltak 4 og 5 i saksutgreiinga.

---

## **Oppvekst, kultur og idretts utval si handsaming av sak 16/2022 i møtet den 31.05.2022**

### **Røysting**

Kommunedirektørens tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Tokke kommune stør fellestiltaka 1og 2 slik dei ligg føre i utkast til plan.

Answaret for fellestiltak nr 3 må innarbeidast i allereie eksisterande nettverk for SLT kontaktane i kommunane. Det blir ikkje oppretta regional stilling.

Tokke kommune tilrår framlegg til ytterlegare tiltak, sjå tiltak 4 og 5 i saksutgreiinga.

---

### **Ungdomsrådet si handsaming av sak 5/2022 i møtet den 30.05.2022**

#### **Røysting**

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Tokke kommune stør fellestiltaka 1og 2 slik dei ligg føre i utkast til plan.

Answaret for fellestiltak nr 3 må innarbeidast i allereie eksisterande nettverk for SLT kontaktane i kommunane. Det blir ikkje oppretta regional stilling.

Tokke kommune tilrår framlegg til ytterlegare tiltak, sjå tiltak 4 og 5 i saksutgreiinga. Grunngeving for kommunedirektørens tilråding ligg i saksutgreiinga over.

---

### **Helse og sosialutval si handsaming av sak 12/2022 i møtet den 23.05.2022**

#### **Røysting**

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Tokke kommune stør fellestiltaka 1og 2 slik dei ligg føre i utkast til plan.

Answaret for fellestiltak nr 3 må innarbeidast i allereie eksisterande nettverk for SLT kontaktane i kommunane. Det blir ikkje oppretta regional stilling.

Tokke kommune tilrår framlegg til ytterlegare tiltak, sjå tiltak 4 og 5 i saksutgreiinga. Grunngeving for kommunedirektørens tilråding ligg i saksutgreiinga over.

---

### **Kommunedirektørens tilråding**

Tokke kommune støt fellestiltaka 1 og 2 slik dei ligg føre i utkast til plan.

Ansaret for fellestiltak nr 3 må innarbeidast i allereie eksisterande nettverk for SLT kontaktane i kommunane. Det blir ikkje oppretta regional stilling.

Tokke kommune tilrår framlegg til ytterlegare tiltak, sjå tiltak 4 og 5 i saksutgreiinga.

Grunngjeving for kommunedirektørens tilråding ligg i saksutgreiinga over.